

Referat frå styremøte i Valldal IL torsdag 1.oktober 2015

Desse møtte:

Einar Hoel, Anders Rem, Liv Marit Indreeide

Fotball v/Silje S. Grønning

Friidrett v/Kjersti Magnussen

Trim v/Kjersti Magnussen

Sak 26/15 Orientering frå gruppene og styret, samt utbygginga på Idavollen

Trimgruppa: Har avslutta ein bra sesong. 55 deltakarpremiar, der 40 av dei kjem frå Valldal IL.

Fotballgruppa: Planlegg bingo 22.november. Sal av skrapelodd og julekalender snart ut. Fotballsesongen går elles sin gang.

Avlønning av dommarar – blir pr no henta ut av kassa. Det noverande kassebilaget må endrast slik at ein kvitterer ut den som får betalt.

Dommarkurs – viktig at det kjem ut info til alle lagleiarar, og at alle som er interessert får muligheit.

Friidrett: Trimkorta inn rundt 1.november

Skigruppa:

Styret: Møte i Spjelkavik 8. september. Orientering idrettskretsen + spelemidlar. Anders og Einar reiser.

Samhandlingsmøte for lag og organisasjonar i Norddal kommune 8. september. Trond møter på dette. Utstyrbase – utleige av for eksempel lavvo...

Utviding Idavollen:

Status: Asfalt blir lagt på onsdag. Lys har kome på plass. Fredag kjem kunstgraset + fredag skal det støypast glidekant. Torsdag eller fredag i veke 41 kjem dei for å legge. Måndag kjem membran + granulat. Framleis litt dugnadsarbeid som gjenstår.

Sak 27/15 Utviding parkeringsplass

Overskotsmasse har kome på plass. Foreløpig utført arbeid for ca kr 20.000.

Vedtak: Styret gjer vedtak om at der kan brukast inntil kr 50.000 til utviding av parkeringsplass. Treng toppdekke + stelle kantar + «flislegge» skråninga.

Sak 28/15 Løyving til Idavollen

Er allereie overfør kr 100.000 frå hovudlaget til Idavollen. Veit ikkje behovet enno. Har pr i dag kome inn kr 61.500 i andelssalg på kunstgrasbana. Bevilgar ikkje noko før vi veit kva som trengst. Avventar litt. Kan «låne ut» ved behov. Krava vil kome etter kvart. Vedtak: Utsett endeleg vedtak til vi veit endelig behov. Litt avhengig av kor mykje vi greier å samle inn.

Sak 29/15 Kulturplan – planprogram

Styret har ingen merknader til planen.

Sak 30/15 Idrettsskule

Naturleg med pause sidan vi ikkje har nokon plass å halde til.

Sak 31/15 Møteplan – diskusjon

Går for dei oppsette møtedatoane på innkallinga (05.11.15, 03.12.15, 21.01.16 og 29.02.16)

Kjem attende til dato for årsmøte.

Sak 32/15 Anleggsplan

Einar har utarbeidd forslag til plan for anlegg, vedlikehald og drift. Dei ulike gruppene tek med seg tilbake til diskusjon i gruppene.

Eventuelt

Fått spørsmål om utleige av salen til Valldal skulekorps og drillen.

Vedtak: Tek ei leige på kr 100 pr gong. Betaler for dei gongane dei er der. Bør stå på ein grunnvarme i salen, ein vaksen må vere til stades på huset under øvinga, stolar og bord skal ryddast på plass.

Utleige skal gå via husansvarleg Kristing G. Sandnes, må kome inn på utleigekalenderen, og der skal skrivast kontrakt. Nøkkel skal kvitterast ut til ein vaksen (over 18 år).

Møtet slutt ca kl 22:30

Liv Marit Indreeide

-referent